Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

# Møteinnkalling

| | |
|---|---|
| **Utvalg:** | **AU i verneområdestyret for SVR** |
| **Møtested:** | , Teams |
| **Dato:** | 21.06.2024 |
| **Tidspunkt:** | 08:00 |

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv-saksnr |
|---|---|---|---|
| AU 21/24 | Godkjenning av innkalling og saksliste | | |
| AU 22/24 | Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar | | |
| AU 23/24 | Referatsaker | | |
| AU 24/24 | Orienteringssaker | | |
| AU 25/24 | Saksframlegg - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Sirdal1/18 - Rosskreppfjorden - midlertidig installasjon - vindmålarmast - Intoto AS | | 2024/5992 |
| AU 26/24 | Søknad om fornying av byggeløyve på gjetarhytte. Fosselega. Jæren smalelag. 62/455. Valle kommune. | | 2021/756 |
| AU 27/24 | Saksframlegg - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Botsvatn - Blåsjø - Svartevatn - dispensasjon fra ferdselsforbudet - [redacted] | X | 2024/6075 |
| AU 28/24 | Varsel om retting og søknad om dispensasjon til ombygging av fritidshytte i Grytdalen hytteområde i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 2/56, Sirdal kommune - Flyt Arkitektur AS | | 2024/5972 |
| AU 29/24 | Eventuelt | | |

**AU 21/24 Godkjenning av innkalling og saksliste**
**AU 22/24 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**
**AU 23/24 Referatsaker**
**AU 24/24 Orienteringssaker**

Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

# Saksframlegg

**Arkivsaksnummer:** 2024/5992 **Saksbehandlar:** Jørn Trygve Haug **Dato:** 13.06.2024

| Utval | Utvalsak | Møtedato |
|---|---|---|
| AU i verneområdestyret for SVR | 25/24 | 21.06.2024 |

# Søknad om oppsetting av mellombels installasjon. Dam Rosskrepp. 1/18. Intoto AS . Sirdal kommune.

Vedlegg:

1 Søknad_Tillatelse_Midlertidig_Vindmåler_Roskreppfjorddammen_v2

## Forvaltar si innstilling

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 gir arbeidsutvalet i verneområdestyret Intoto AS v/Alf Magne Midtbø Versland løyve til å sette opp ein mellombels vindmålarstasjon vest for vestre dam i Rosskreppfjorden gnr. 1, bnr. 18 i Sirdal kommune. Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld plassering av ei inntil 2 meter høg gittermast slik det er beskrive i søknad dagsett 30.5.2024. Masta skal festast med boring av fire hol i fjellet der det vert gysa fast gjengestag.
- For montering skal det ikkje fjernast meir vegetasjon enn det som er strengt naudsynt for å feste installasjonen. Alle fysiske gjenstandar skal fjernast innan 1.10.2027 og fraktast ut av verneområdet.
- Nøyaktig plassering av målarstasjonen skal gjerast i samråd med forvaltar etter synfaring på plassen.

Arbeidsutvalet legg vekt på at tiltaket er av mellombels karakter og med beskjeden storleik slik at den berre vil vera synleg heilt lokalt. Plasseringa er i eit område der det frå før er store tekniske inngrep. Tilleggsbelastninga i området vil såleis vera liten. Det er alt mykje ferdsel i området og villreinen nytter i liten grad areala nær vegen før oktober månad. Tiltaket er del av eit større forskningsprosjekt delvis finansiert av offentlege midlar. Ut i frå dette vurderast det å vera liten presedensverkand av tiltaket og tiltaket vurderast å ikkje stri mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Tiltaket kan vera søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Sirdal kommune må kontaktast for avklaring av dette.

--- slutt på innstilling ---

## Saksopplysninger

Firmaet Intoto v/Alf Magne Midtbø har søkt om å sette opp ein mellombels vindmålarstasjon rett vest for vestre dam ved Rosskreppfjorden i Sirdal kommune. Det er konsulentfirmaet Norconsult som er tiltakshavar, og der Intoto er leverandør til desse. Vindmålarstasjonen er del av instrumenteringa til forskingsprosjektet InMoDam som ser på vindlast på dammar i samband med damtryggleik. Det er Sira Kvina kraftselskap som er regulant i området. Saman med Norconsult, og ein rekke andre kraftselskap i landet, er dei partnarar i nemnde forskingsprosjekt. Forskingsprosjektet er støtta av Norges Forskningsråd og har som mål «*å utvikle et praktisk utvalg av verktøy bestående av sensorer og instrumenter, digital prosessering og tilpassede metoder for å måle endringer og skader som kan oppstå når oppstrøms skråning av en fyllingsdammer som utsettes for vind, bølger og is-belasting»* (Kjelde: www.fornybarnorge.no).

Sjølve installasjonen er ei to meter høg gittermast i aluminium med ein tverrbom på toppen med vindpropell og værhane. På masta er det montert solcellepanel og eit skap med batteri og elektronikk. Masta skal festast i fjell ved boring av fire hol der det vert gysa fast gjengestag som masta skal skrus fast i. Plassering av masta er innanfor Sira Kvina sin eigedom gnr.1, bnr. 18 vest for vestre dam. Frå masta vil det vera om lag 55 meter til naturstien som SVR har etablert i området, og masta vil såleis vera godt synleg frå denne. Det er søkt om at målestasjonen kan stå ut 2027.

Kart som syner plassering, samt tilsvarande målestasjon ved Degdammen i Sirdal er teken inn nedanfor. SVR sin natursti er merka med raud stipla line. Plassering av målestasjonen er merka grønt.

Målestasjonen skal ikkje vera operativ på vinteren og treng såleis ikkje tilsyn den tida vegen er stengd.






*Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven

- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

*Heimelsgrunnlag*
*Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.1 må det ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endre eller innverke på landskapet sin art eller karakter. I dette medrekna mellom anna «*Oppføring av bygningar, anlegg, og faste innretningar, framføring av luftledningar, jordkablar og røyr…*»

Forvaltar meiner installasjonen kjem inn under *faste innretningar* og såleis ikkje er tillate utan at det er gjeve dispensasjon frå verneforskrifta. Dette gjeldande sjølv om det er tale om mellombels plassering. Det er inga særskild dispensasjonsheimel for dette. Saka må difor handsamast som unntak etter naturmangfaldslova § 48. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak om tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

*Tidlegare saker*

I 2017, AU sak 21/17, fekk Lyse produksjon løyve til å sette opp ny permanent kommunikasjonsmast ved Låtervikvatnet i Frafjordheiane landskapsvernområde. Denne med høgde på 6 meter og med solcellepanel. Masta var til erstatning for eksisterande mindre mast som skulle rivast.

I 2021, AU sak 28/21 vart det gjeve løyve til å sette opp basestasjon for sporingsbjeller for sau i Dyraheio landskapsvernområde. Desse maksimalt 3 meter høge og med solcellepanel og batteripakke. Det har vore gitt løyve til tilsvarande basestasjonar også i Vormedalsheia landskapsvernområde.

## Vurdering

Vurdering etter naturmangfaldlova (NML)
Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

NML § 8 Kunnskapsgrunnlaget
Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt.

I naturbase er området merka av som vinterbeite for villrein. Om lag ein kilometer mot vest går ein trekkorridor frå Ramsdalen og over veg Brokke – Suleskard. Situasjonen dei siste 15 – 20 åra har vore at det står lite villrein nær vegen den tida veg Brokke – Suleskard er ope for trafikk. Sporadisk kan det trekke villrein over vegen, men dette er i all hovudsak mindre bukkeflokkar. Normalt trekk villreinen frå nord og ned mot vegen ila. oktober månad. Dei er raske til å krysse vegen når denne vert vinterstengd frå 1. november. Gjennom vinteren er båe sider av vegen viktig vinterbeiteområde for villreinen.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert difor tillagt mindre vekt i dei vidare vurderingane.

NML § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning
Målestasjonen er søkt sett opp i eit område som alt er mykje påverka av større inngrep. Rosskreppfjorden med steinsfyllingsdam og reguleringshøgde på 39 meter ligg rett ved. 200 meter mot sør går sommarope veg mellom Setesdal og Sirdal. I tida vegen er ope er det om lag 80 000 køyretøy som passerer på vegen. Vegen er også viktig innfallsport for tilkomst innover i heia og til turistforeiningane sitt løypenett. Med utgangspunkt i rasteplassen ved Håhellervatn etablerte SVR for nokre få år sidan naturstien på nordsida av vegen. Endepunkt på stien er ved ein utskore villreinbukk om lag 200 meter nord for der målestasjonen er søkt sett opp.

Målestasjonen har ei relativt beskjeden høgde, men sidan den naturleg nok skal plasserast høgt i terrenget og ut på kanten vil den truleg bli godt synleg frå dei nære omgjevnadane. Dei landskapsmessige påverknadane vurderast likevel å vera særs lokalt.

Etter forvaltar si vurdering er den samla belastninga høg, men plasseringa vil berre utgjere ei særs lita tilleggsbelastning i høve til det som er i området frå før. Plasseringa er også mellombels og skal fjernast etter maksimalt fire år.

NML § 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar
Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert gjennomført på ein miljømessig god måte. For montering skal det ikkje fjernast meir vegetasjon enn det som er strengt naudsynt for å feste installasjonen. Alle fysiske gjenstandar skal fjernast innan 1.10.2027 og fraktast ut av verneområdet.

NML § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar
Søkar er bede om å vurdere annan plassering på/nærmare dammen samt utanfor verneområdet. I tilbakemelding på dette skriv søkar at det ikkje er ønskjeleg å ha vindmålaren på sjølve dammen då det ofte er vindturbulens over damkrona, noko som skapar utfordringar i målingane. Plassering slik det er søkt om vurderast såleis å vera best egna i høve til dei data dei er ute etter.

Plassering ved dam Rosskrepp er vald basert på risikovurderingar som prosjektpartnarane har gjort. Felles for desse er at det er eldre steinfyllingsdammar med store vassvolum og utan at dei har blitt forsterka i seinare tid.

Forvaltar har ut i frå dette lagt til grunn at det er få gode alternativ til plassering slik det er søkt om.

Vurdering etter naturmangfaldslova § 48

Etter § 48 i naturmangfaldslova kan det gjerast unntak om tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Tiltaket er av mellombels karakter og med beskjeden storleik slik at den berre vil vera synleg heilt lokalt. Det er også søkt plassert i eit område der det frå føre er store tekniske inngrep i form av bilvegar og dammar og regulert magasin. Tilleggsbelastninga i området vil såleis vera liten. Det er alt mykje ferdsel i området og villreinen nytter i liten grad areala nær vegen før oktober månad. Tiltaket er del av eit større forskningsprosjekt delvis finansiert av offentlege midlar. Med grunngjeving som ovanfor vurderast det å vera liten presedensverkand av å gi eit løyve. Tiltaket vurderast ut i frå dette å ikkje stri mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Andre vurderingar

For brukarane av naturstien er det uheldig at målestasjonen kjem såpass tett på. Forvaltar meiner likevel ikkje det kan leggast avgjerande vekt på dette sidan eit slikt omsyn ligg utanfor det som skal takast omsyn til gjennom verneforskrifta og naturmangfaldslova.

Konkret plassering vil vera avgjerande i høve til kor synleg målestasjonen vert og kor sjenerande til vil vera for brukarane av naturstien. Nøyaktig plassering bør difor gjerast i samråd med forvaltar og etter synfaring på plassen.

## Konklusjon

Det vert gjeven løyve til oppføring av mellombels målarstasjon slik det er søkt om. Det vert sett vilkår for gjennomføring.

Intoto AS
ved Alf Magne Midtbø Versland
Nesgata 7B
4480 KVINESDAL

06.06.24

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde
ved Jørn Trygve Haug
Setesdalsmuseet Rystad
Setesdalsvegen 3273
4748 RYSSTAD

**Søknad om tillatelse til å sette opp midlertidig vindmålestasjon ved Roskreppfjorddammen.**

Intoto AS ved Alf Magne Midtbø Versland søker herved på vegne av grunneier Gnr.1, Bnr.18 i Sirdal Kommune, Sira-Kvina Kraftselskap, om tillatelse til å sette opp midlertidig vindmålestasjon ved Roskreppfjorddammen.

Vindmålestasjonen er en del av instrumenteringen til forskningsprosjektet, InMoDam, som forsker på laster på dammer i forbindelse med damsikkerhet. Se mer info i vedlegg. Statkraft Energi er prosjekteier. Sira-Kvina Kraftselskap er prosjektpartner.

Intoto AS vil i samarbeid med Norconsult sette opp og sette i drift vindmålestasjonen så snart som mulig. Vindmålestasjonen består av en 2 meter høy aluminium gittermast med en tverrbom på toppen med vindpropell og værhane. På masta er det montert solcellepanel og et skap som inneholder et LiFePo4 tørt batteri og elektronikk. Masta festes til fjellet ved at det borres 4 hull og det gyses fast gjengestaver i hullene som masta skrus fast til. Vindmålestasjonen plasseres på Gnr.1, Bnr.18 med god avstand til løypa med bukker som er satt opp fra rasteplassen til toppen av fjellet. Se vedlagte bilder og kart.

Med vennlig Hilsen

Intoto AS
ved Alf Magne Midtbø Versland

Vedlegg:
1. Bilder og kart
2. Informasjon om InMoDam






Bildet til venstre viser tilsvarende vindmålestasjon montert ved siden av sikringsgjerdet ved Degdammen i Sirdal.
Bildet til høyre viser kart over ønsket plassering for vindmålestasjonen.

Bildet under er fra befaring vi hadde på Roskreppfjorddammen i forrige uke og viser ønsket plassering sett fra dammen og viser hvor stien kommer opp fra bak fjellet og går videre til høyre i bildet.



# InMoDam

Forskningsprosjekt, Pågående forskningsprosjekter

**InMoDam (Innovative monitoring and modelling of loads and damage processes on embankment dams) er et innovasjonsprosjekt har som mål å utvikle et praktisk utvalg av verktøy bestående av sensorer og instrumenter, digital prosessering og tilpassede metoder for å måle endringer og skader som kan oppstå når oppstrøms skråning av en fyllingsdammer som utsettes for vind, bølger og is-belasting.**

Del denne siden:

**Eier:** Statkraft Energi, Energi Norge skal leder en arbeidspakke

**Type prosjekt og program:** Innovasjonsprosjekt for næringslivet, med støtte fra forskningsrådet

**Utførende:** NTNU, Statkraft, Energi Norge, Multiconsult, Norconsult og Norwegian Tunnel Inspection

**Partnere:** Agder Energi, Hydro Energi, Sira-Kvina, Trønder Energi, Eviny Fornybar, Hafslund Eco, Sunnhordland KS Statkraft, NTNU, Energi Norge, Multiconsult, Norconsult og Norwegian Tunnel Inspection.

**Varighet:** 2022-2026

**Budsjett:** 10,9 mill. NOK

**Status:** Pågående

## Mål:

Målet er å få ny kunnskap om størrelsen på lastene slik at fremtidig oppførsel og funksjon til dammene kan forutsees og damsikkerheten forbedres. Behovet for ombygging eller tilpasning av designen på erosjonsbeskyttelsen på oppstrøms skråning vil også undersøkes.

## Bakgrunn

Oppgradering av eksisterende dammer er veldig kostnadskrevende. Hvis en gjennom prosjektet kan overvåke dammen bedre, vil en kunne forlenge levetiden til dammen og redusere kostnader ved rehabilitering.

## Nyvinning

Gjennom prosjektet vil minst 3 norske fyllingsdammer bli valgt ut og instrumentert opp med moderne sensorer og instrumenter. Både belastningen fra vind, bølger og is skal måles, samtidig som forandring og skader på konstruksjonen skal måles og dokumenteres.

Resultatene av prosjektet vil bli en Verktøy-kasse for moderne overvåking av dammer i tøft klima

Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

# Saksframlegg

**Arkivsaksnummer:** 2021/756 **Saksbehandlar:** Jørn Trygve Haug **Dato:** 18.06.2024

| Utval | Utvalsak | Møtedato |
|---|---|---|
| AU i verneområdestyret for SVR | 26/24 | 21.06.2024 |

# Søknad om fornying av byggeløyve på gjetarhytte. Fosselega. Jæren smalelag. 62/455. Valle kommune.

Vedlegg:

| | |
|---|---|
| 1 | Saksframlegg med vedtak |
| 2 | Fosselega - trekking av klage |
| 3 | Fosseknuten Gjeterhytte FASADER |
| 4 | Fosseknuten Gjeterhytte PLANTEGNING |
| 5 | Fosseknuten Gjeterhytte SNITT |

## Forvaltar si innstilling

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Jæren smalelag løyve til å bygge på eksisterande gjetarhytte Fosselega med inntil 20 m$^2$ BYA. Samla storleik skal etter dette vera maks.70 m$^2$ BYA. Teikningar dagsett 18.6.2024 er lagt til grunn for godkjend utviding.

Vilkår:

- Arbeidet med påbygget skal gjerast med minst mogleg inngrep i terrenget.
- Tilbygget skal ha tilsvarande farge og materialbruk som eksisterande hytte.
- Mønehøgde og gesimshøgde skal ikkje vera høgare enn på eksisterande hytte
- Alt av bygningsavfall skal samlast inn og leverast på godkjend mottak.
- Arbeidet skal gjennomførast i perioden veg Brokke – Suleskard er ope, dvs. i perioden 21.5 – 31.10
- Byggeløyvet gjeld til 1.7.2027. Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks arbeidet er avslutta. Byggetiltaket vil bli kontrollert etter ferdigstilling.
- Bruken av gjetarhytta er avgrensa til bruk i samband med slipp, tilsyn og sanking av sau i området. Det er ein føresetnad at bruk og funksjon ikkje vert endra som følgje av utvidinga.

Arbeidsutvalet legg vekt på at saka gjeld fornying av eit løyve som tidlegare er gjeven av verneområdestyret i møte 8.3.2021, sak 4/21. Behovet for utviding godt dokumenter. Saka gjeld tilbygg på eksisterande bygning lokalisert nær veg Brokke – Suleskard, og der bruken ikkje vil endre seg vesentleg frå tidlegare. Ut i frå dette vil ikkje tiltaket stri mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Naudsynt byggeløyve må ligge føre frå Valle kommune.

--- slutt på innstilling ---

## Saksopplysninger

Saka gjeld fornying av Jæren smalelag sitt byggeløyve på gjetarhytta Fosselega ved Fosseknuden i Valle kommune. Førre løyve gjekk ut 30.10.2023. Gjetarhytta ligg ved veg Brokke – Suleskard. For plassering sjå grønt punkt i kart nedanfor.




*Historikk*

Jæren smalelag (JS) fekk i møte i verneområdestyret 8.3.2021 løyve til å bygge på gjetarhytte Fosselega i Valle. Løyvet gjaldt eit tilbygg på 20 $m^2$ BYA. Samla BYA vil etter dette var på maksimalt 70 $m^2$ BYA. JS hadde opphaveleg søkt om eit tilbygg på 35 $m^2$ BYA, men dette vart avslått. Sjå vedlegg 1.

JS klaga på verneområdestryet sitt vedtak om å avslå eit større tilbygg. I den førebuande klagehandsaminga 27.5.2021 utsette verneområdestyret saka og ba om at saka først vart handsama av Valle kommune etter Plan- og bygningslova. Saka vart etter dette sendt over til Valle kommune. Etter ein del runder i kommunen vart det fatta eit endeleg vedtak i kommunen 14.11.2023. Kommunen ga her løyve til eit påbygg på inntil 20 $m^2$. BYA, dvs tilsvarande storleik som opphaveleg vedtak i verneområdestyret. JS klage på kommunen sitt vedtak, men trakk seinare klagen. Dei har no også trekt klagen som vart fremma på verneområdestyret sitt vedtak frå 8.3.2021.

Verneområdestyret si godkjenning frå 2021 gjaldt til 30.10.2023. JS har no søkt om fornying av løyvet slik at dei kan kome i gang med arbeidet. Det er også sendt inn reviderte teikningar dagsett 18.6.2024. Sjå vedlegg 2 – 5.

Det bør nemnast at det i løyvet frå 8.3.2021 var det sett vilkår om å rive JS si gamle driftehytta i Solhellerkvæven før arbeidet på Fosseknuden kunne ta til. Nemnde driftehytte er no rive.

*Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

*Heimelsgrunnlag*
*Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Byggetiltaket det er søkt om er av dei tiltak som etter verneforskrifta kap. 4 pk.t 1.1 er forbode. Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.3 bokstav c kan det gjevast løyve til mindre tilbygg til eksisterande bygningar. Etter forvaltar si oppfatning er tilbygget det er søkt om såpass stort at det må handsamast som unntak etter § 48 i naturmangfaldslova. Etter denne paragrafen kan det gjevast unntak om tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

## Vurdering

<u>Vurdering etter naturmangfaldlova (NML)</u>
Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit.

Forvaltar syner til vurdering etter §§ 8-12 i samband med handsaming av saka i verneområdestyret 8.3.2021 (vedlegg 1).

## Konklusjon

Det vert gjeven løve til eit tilbygg på inntil 20 m2 på gjetarhytta Fosselegar i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde.* Det er sett vilkår for løyvet.

Verneområdestyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

**Postadresse**
Postboks 504
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**
Kommunehuset, 4440 Tonstad

**Kontakt**
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47 38 17 62 03
fmavgso@statsforvalteren.no
www.svr.no

# Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/756-0

Saksbehandler: Guro Sødergren

Dato: 22.02.2021

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Verneområdestyret for SVR | 4/21 | 08.03.2021 |

## Søknad om dispensasjon til utviding av eksisterende driftehytte ved Fosseknud i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Valle kommune

### Forvalters innstilling

I medhold av naturmangfoldloven § 48 får Jæren Smalalag v/Jostein Seldal tillatelse til å sette opp et tilbygg til den eksisterende driftehytta ved Fosselega i Valle kommune.

- Jf. ST 35/15 skal den gamle driftehytta ved Solhellerkvæven rives før arbeide med tilbygg ved Fosseknud kan starte. Det skal sendes rapport med bilder til forvalter når arbeidet er utført. Alt material skal fraktes ut av landskapsvernområde og leveres på godkjent mottak.
- Tiltaket skal ikke overskride 20m2 BYA og driftehytta skal ikke få et samlet BYA større enn 70 m2 BYA.
- Arbeid med påbygget skal foregå så skånsomt for naturmiljø som mulig. Tilbygget skal føres opp med tilsvarende farge og materialbruk som eksisterende hytte. Alt bygningsavfall skal samlas og leveres på godkjent mottak.
- Mønehøyde og gesimshøyde må ikke oversige det som er på eksisterende driftehytte.
- Tiltaket skal gjennomføres i løpet av tidsperioden 20.mai- 1 november.
- Tiltaket må være ferdig innen 30.okober 2023. Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks arbeidet er avslutta.
- Driftehytta er et landbruksbygg knyttet til slipp, tilsyn og sanking av sau. Det forutsettes at bruk og funksjon på driftehytta ikke endres.
- Det forutsettes at det hentes inn byggetillatelse også fra Valle kommune

Med bakgrunn i forvaltningsmål for landbruksbygg i verneområdet gir verneområdestyret dispensasjon til påbygg av eksisterende driftehytte. Det innvilges ikke til utvidelse på 35 m2 BYA som omsøkt, men 20 m2 da dette vil stå i stil med lignende dispensasjoner som er gitt.  Med hensyn til plassering og tidsperiode for bruk

vil ikke tiltaket utgjør særlig presedens og dermed ikke være en trussel for verneverdier og verneformål. Som følge av reduksjon i størrelse i forhold til omsøkt må det sendes inn og godkjennes nye tegninger av tilbygget.

**Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.03.2021**

<u>Behandling i møte:</u>

Steinar Kyrvestad fremmet forslag om å utsette saken:

På bakgrunn av innarbeidet praksis om å behandle saker etter strengeste lovverk først, utsettes saken til kommunen har behandlet saken etter kommuneplanen og regional plan (Heiplanen).

<u>Avstemming:</u>

Følgende stemte for utsetting: Steinar Kyrvestad, Jonny Liland, Per Sverre Kvinlaug, Sigbjørn Åge Fossdal og Janne Nystøl.

**Forslag om utsetting falt 5 mot 7 stemmer**

<u>Steinar Kyrvestad fremmet følgende forslag til nytt vedtak:</u>

Jæren Smalelag får ikkje løyve til å sette opp eit tilbygg til eksisterande driftshytte ved Fosselega i Valle kommune. Planen er ikkje i samsvar med Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.
I høve Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) og kommuneplan for Valle kommune står det i Heiplanen kap. 2.10.1 Spesielle retningslinjer for nasjonalt villreinområde.
«Landbruks- utmarksnæring
- Grunneier som driv utmarksnæring kan bygge, rehabilitere og videreutvikle nødvendige driftshusvære og støler for å utnytte utmarksressursene på eiendommen, i samsvar med gjeldene forståelse av utmarksnæringer.
- Eksisterende støler og tufter skal kunne restaureres og bygges ut til maksimalt areal på 50m2 BRA med tradisjonell utforming.»

<u>Henry Tendenes fremmet følgende forslag til nytt vedtak:</u>

Jæren Smalelag får tillatelse til utviding av eksisterende driftehytte på 35 kvdm. BYA i tråd med søknad. Verneområdestyret legger vekt på at det under sankinga er folk av begge kjønn som skal nytte driftehytta og at bedre plass på hytta er viktig for rekrutteringa til næringa.

<u>Avstemming:</u>

Nytt framlegg fra Steinar Kyrvestad om å avslå søknaden fikk en stemme: Steinar Kyrvestad

Forvalter sin innstilling fikk 7 stemmer: Jonny Liland, Inger Lise Stulien, Sigbjørn Åge Fossdal, Jan Dalen, Per Sverre Kvinlaug, Margrethe Handeland og Janne Nystøl
Nytt framlegg fra Henry Tendenes fikk 4 stemmer: Henry Tendenes, Gerd Helene Bø, Laila Espedal og Bjørn Laugaland

**Forvalter sin innstilling ble vedtatt med 7 stemmer.**

## Saksopplysninger

Jæren smalalag v/ Jostein Seldal søker om dispensasjon til utviding av driftehytte ved Fosseknud i Valle kommune, datert den 30.12.2020. Det ligger i dag ei driftehytte som ble oppført i 1985 som består av vindfang, oppholdsrom m/kjøkken og to soverom (et rom med 8 senger, et rom med 2 senger) med et samlet areal på 50m2. Jæren Smalalag søker nå om en utvidelse av eksisterende hytte der de ønsker større oppholdsrom, ny svalgang og et ekstra soverom på til sammen 35m2.

Driftehytta blir benyttet i samband med tilsyn og samling av sau i drifteheia: Nomeland/Brokke/Uppstad. Her beiter 7500 sau, og er den største drifteheia til Jæren smalalag. I perioden med sanking blir hytta benyttet av opptil 20 personer, både kvinner og menn, i en periode på 6 døgn. Det skal tørkes klær, lages mat, spise og overnatte. Per i dag er det to soverom med for få sengeplasser som blir et problem og utfordring.  Det søkes derfor om ekstra plass for økt komfort og standard.

I søknaden blir det også nevnt at en utviding av hytta vil være et viktig tiltak knyttet til smittevern for covid -19.




*Driftehytte ved Fosselega (blått punkt i kart) ligger like ved Brokke- Suleskard veien sør for Rosskreppfjorden.*

Behovet for økt overnattingskapasitet har tidlige vært til vurdering i verneområdestyret. Jæren smalalag søkte i 2019 om å få sette opp en campingvogn permanent som ble avslått. Saken om campingvogn har dokumentert behovet for et påbygg til dagens driftehytte.



*Gjeterhytte ved Fosselega; hundehus og platting ble ettergodkjent av verneområdestyret i 2019. Styret gav avslag på plassering av campingvogn.*

Forvalter sendte saken til høring hos villreinnemda for Setesdalsområdet for villreinfaglig uttalelse datert den 09.02.2021. Forvalter mottok uttale datert den 23.2.2021:

*Tiltaket det søkast om ligg i nasjonalt villreinområde. Jamfør Heiplanen og kommuneplanen for Valle skal villreininteressene tilleggas stor vekt i all arealforvaltning i denne sona. I dei spesielle retningslinjene for nasjonalt villreinområde heiter det for Landbruks-utmarksnæringar bla a:*

- *Grunneiere som driver utmarksnæringer kan bygge, rehabilitere og videreutvikle nødvendige driftshusvære og støler for å utnytte utmarksressursene på eiendommen, i samsvar med gjeldende forståelse av utmarksnæringer.*
- *Lokalisering av alle nye bygg skal skje i minst mulig konflikt med villreinens arealbruk etter vurderinger basert på oppdatert kunnskap i samsvar med plan*

*Området sør for Rosskreppfjorden er eit område villreinen i liten grad bruker i sommarhalvåret. Bukk kan finne på å krysse vegen, men sjeldan dei store fostringsflokkane. GPS-merkeprosjektet har dokumentert at villreinen sør for Blåsjø har trekt sørover om hausten og har vinterbeite sør for Roskreppfjorden. Områda rundt vegen mellom Brokke og Suleskard har vore nytta som vinterbeite. Dyra har gjerne nærma seg vegen i oktober. Fram til vegen stenger 1. november utgjer vegen og aktiviteten knytt til denne ein trekkbarriere.*

*Trekket over vegen er ikkje mellom ulike funksjonsområde, men i eit område villreinen potensielt kan nytte heile året. Bruken kan derfor endra seg med tida, t.d. ved at dyra kjem tidlegare om hausten.*

*Med bakgrunn i at driftshusvære ligg tett opptil riksvegen og nyttast i ein periode då villreinen normalt er lengre nord, har villreinnemnda ingen større merknad til søknaden som ser ut til å vere i tråd med retningslinjene i Heiplanen. Dersom det blir gitt løyve bør det stillast som vilkår at hytta berre skal nyttast til drift, og at det i dette ligg at hytta ikkje skal nyttast om vinteren.*




*Plantegning av eksisterende hytte med påbygg.*




*Fasadetegning av eksisterende hytte med påbygg.*

*<u>Formell bakgrunn for vurdering og vedtak</u>*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.

*<u>Hjemmelsgrunnlag</u>*

*Verneforskrift*
Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde ble vernet ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Formålet med vernet går frem av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene landskapsvernområde:
“1. Å ta vare på et sammenhengende, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområder, beitelandskap og kulturminner.
2. Å ta vare på et sammenhengende fjellområde som leveområde for den sørligste villreinstammen i Europa. “

Når tiltaket kan skje uten at det strir mot formålet med vernet kan forvaltningsmyndigheten på nærere vilkår gi løyve jf. verneforskriftens kapitel IV pkt. 1.3 c) *mindre tilbygg til eksiterende bygninger*

Tilbygget er såpass stort at saken vil bli vurdert etter § 48 i naturmangfoldloven:

Naturmangfoldloven § 48, dispensasjon når det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig:

Det er to vilkår for dispensasjon etter denne bestemmelsen og begge vilkårene må være utfylt for at dispensasjon kan gis:
1) Tiltaket kan ikke påvirke verneverdiene nevneverdig, og
2) Tiltaket må ikke stride mot vernevedtakets formål.

*Forvaltningsplan*

Bruken av driftehytta er knyttet til tradisjonell sauesanking gjeting/sanking og ettersyn av dyr på utmarksbeite. I forvaltningsplan for SVR blir driftehytter definert som «bygninger for seterdrift og skogsdrift» (støler og driftshytte). Søknader som gjelder bygg knyttet til landbruksdrift må det dokumenteres at søker er grunneiere eller rettighetsinnehaver.

Et forvaltningsmål er at landbruket skal kunne ha funksjonelle driftshusvære i verneområdene. En forutsetning er at det kan dokumenteres et konkret behov og at tiltaket kan gjennomføres uten nevneverdig negativ effekt på verneverdiene og at tiltaket ikke er i strid med verneformålet.

I forbindelse med utvidelse av eksiterende bygning vil konkret behov omfatte: økning av overnattingskapasitet (flere soverom), bedre tørkeplass (utviding av gangareal, og tørkerom), bedre lagringsplass (innvendig lagerrom eller utvendig tilbygg), bygging av toalett/vaskerom inne.

En utviding av eksisterende drifte hytte skal i utgangspunktet ikke overskride 50 m2 BYA.

*Naturmangfoldloven*
Etter § 7 i Naturmangfoldloven skal de miljørettslige prinsippene i § 8-12 legges til grunn som retningslinjer ved utøvelse av offentlig myndighet. Forvaltningsmyndigheten må vurdere søknaden etter disse prinsippene ved alle tiltak som vedrører naturmangfoldet, og disse vurderingene skal fremgå av beslutningen.

*Verneområdestyret*
Styret for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Frafjordheiene har forvaltningsmyndighet for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiene landskapsvernområde.

## Vurdering

Plassering, bruk og størrelse
Det er ca. 90 landbruksbygg i SVR i dag, der de fleste har et gjennomsnittlig areal mellom 20- 70 m2. Driftehytta vil etter det som er omsøkt få et samlet BYA på 85m2, som er noe over gjennomsnitt for denne type bygg i verneområde. I sammenligning til andre dispensasjoner som er gitt til bygging og utviding til driftehytter kan forvalter innstille på en samlet BYA til 70 m2. Det vil si et tilbygg på maks 20 m2 kan godtas og vil stå i stil til lignende dispensasjoner som er gitt.

Bruk og plassering av driftehytta er viktige vurderinger av tiltaket opp mot verneformål og verneverdier. Driftehytta er kun i bruk i forbindelse med landbruksvirksomhet når B-S veien er åpen for biltrafikk i perioden fra 20 mai til 1 november. Forvalter vurderer at tiltaket ikke utgjør vesentlig presedens. For å kunne drifte sauen er det nødvendig med opptil 20 personer i arbeid som trenger husly. Driftehytta er tilknyttet den største drifteheia til Jæren smalalag og er «hovedbasen» for gjeterne. Omkringliggende er det ikke andre driftehytter som har samme behov for økt kapasitet. Dette sett i sammenheng med driftehyttas plassering og bruk vil ikke tiltaket være en trussel for verneverdier og verneformål.

Villrein
Området rundt Fosselega ligger i nasjonalt villreinområde, men er i svært liten grad i bruk av villrein i den perioden Brokke- Suleskardveien er åpen. GPS-merke prosjektet viser bruken av området for villrein i perioden juni- oktober.



*GPS merket villrein i periode juni- september, området rundt Fosselega er lite i bruk.*




*GPS merket villrein juni- oktober, villreinen nærmer vinterbeite og kryssing av B-S veien.*

<u>Kunnskapsgrunnlaget § 8:</u>
Posisjoner fra GPS- merke prosjektet (2006-2019) viser at området sør for Rosskreppfjorden er noe i bruk ila sommerhalvåret, det er for det meste mindre bukkeflokker som kan krysse veien og bruke område til sommerbeite.
GPS merkeprosjektet har dokumentert at villrein sør for Blåsjø har trekt sørover om høsten og bruker vinterbeiter sør for Rosskreppfjorden. Villreinen nærmer seg ofte B-S veien i oktober. I vinterhalvåret er området mye i bruk av villrein og vil derfor betegnes som sentrale områder for villrein.  Forvaltningen jobber for tiltak slik at villrein kan krysse veien tidligere på høsten.

Etter søk i naturbase og innsyn til informasjon om rødlistearter kan forvalter finne en rødliste art. Arten vil ikke ta nevneverdig skade av tiltaket. Hekkeområdet ligger 2 km i luftlinje fra driftehytta.

Det blir derfor lagt mindre vekt på føre var-prinsippet i Naturmangfoldlovens § 9.

Naturmangfoldlovens § 10: (økosystemtilnærming og samla belastning)
Vannkraftutbygging dominerer landskapsinntrykket med sine store dammer, terskler og reguleringssone. Andre inngrep som stinettet til STF og DNT sør, løypa som går fra Øyuvsbu til Håheller og videre til Taumevatn er med å prege det totale landskapsbildet for området. I tillegg til turisthytter har også Statskog og sankelag hytter liggende omkring Håheller. Landbruksnæring i form av sauedrift er godt representert i Setesdal Vesthei noe som også gjelder for det aktuelle området. Brokke- Suleskard veien er åpen fra 20 mai til 1 november og har ca. 80000 bilpasseringer i døgnet.

Naturmangfoldlovens § 11: (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)
Tiltakshaver skal dekke kostandene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

Naturmangfoldlovens § 12: (miljøforsvarlig teknikker og driftsmetoder)
Det er satt som vilkår at tiltaket skal gjennomføres ila perioden der Brokke-Suleskardveien er åpen. Området er da allerede belastet med biltrafikk og annen turistaktivitet. Tiltaket ligger så nært opptil vei at det kan ikke være behov for helikoptertransporter knyttet til arbeidet.

## Konklusjon

Med bakgrunn i forvaltningsmålet i forvaltningsplan der landbruksnæring skal kunne ha funksjonelle driftehytter i verneområde, samt at tiltaket gjelder utvidelse av eksisterende bygning gir verneområdestyret dispensasjon til påbygg.

Driftehytta er tilknyttet den største drifteheia til Jæren smalalag og er «hovedbasen» for gjeterne. Omkringliggende er det ikke andre driftehytter som har samme behov for økt kapasitet. Dette sett i sammenheng med driftehyttas plassering og bruk vil ikke tiltaket være en trussel for verneverdier og verneformål.

**From:** Jostein Seldal[j-seldal@online.no]
**Sent:** 16.06.2024 09:29:51
**To:** Haug, Jørn Trygve[jorn.haug@statsforvalteren.no]
**Subject:** Teikningar

Fosseknuden  Sak 4/21
Jæren smalalag  fekk i vedtak 08 03 2021  tillatelse til på bygg på 20 m2.
Dette vedtaket ble påklagt  . pga at søknaden var på tilbygg 35 m2.
Jæren smalalag vil med dette trekka tilbake klagen , og godta tilbygg på 20 m2

Jæren smalalag  vil også søka om å forlenga byggefristen til 31 12 2026.

Jæren smalalag
v/ Jostein Seldal

---

**Fra:** Haug, Jørn Trygve [mailto:jorn.haug@statsforvalteren.no]
**Sendt:** 3. juni 2024 14:42
**Til:** Jostein Seldal
**Emne:** SV: Teikningar

Hei Jostein. Takk for tegninger. Som jeg skrev i e-post 16.2 må du sende meg en kort søknad om å forlenge byggefristen, inkl. en kort begrunnelse for dette. Jeg må også få det skriftlig fra deg at dere trekker klagen dere fremmet på verneområdestyret sitt vedtak fra 8.3.2021.

Når planlegger dere å starte byggearbeidet?

Skulle noe være uklart så ring meg gjerne på onsdag, evt send mail.

Venleg helsing

*Jørn Trygve Haug*
Verneområdeforvaltar
Tlf. 38 17 62 06/ 95 20 70 83
www.svr.no

**Verneområdestyret**
**Setesdal Vesthei,**
**Ryfylkeheiane og**
**Frafjordheiane**

---

**Fra:** Jostein Seldal <j-seldal@online.no>
**Sendt:** torsdag 30. mai 2024 23:58

**Til:** Haug, Jørn Trygve <jorn.haug@statsforvalteren.no>
**Emne:** VS: Teikningar

Hei. Sender kopi av tegninger og situasjonskart som er sendt til Valle kommune .
Må me ha ein ny godkjenning fra SVR ?

Mvh Jæren smalalag v/ jostein Seldal

---

**Fra:** Jostein Seldal [mailto:j-seldal@online.no]
**Sendt:** 24. mai 2024 09:38
**Til:** 'Lise Fosså'
**Emne:** SV: Teikningar

Hei.
Legger ved tegninger.

Mvh Jæren smalalag v Jostein Seldal

---

**Fra:** Lise Fosså [mailto:Lise.Fossa@valle.kommune.no]
**Sendt:** 5. april 2024 15:35
**Til:** Jostein Seldal
**Emne:** Teikningar

Hei
Dykk må nok sende inn teikningar i målestokk.
Høyrer frå deg!!

Med venleg helsing
**Lise Fosså**
Rådgjevar byggjesak

**M** +47 90 16 47 09 | **E** lise.fossa@valle.kommune.no

Valle kommune Kommunehuset | PB 4 4746 Valle
**E** post@valle.kommune.no | +47 37 93 75 00 | www.valle.kommune.no

*E-postar til og frå Valle kommune er som hovudregel journalpliktige etter arkivlova. Andre vil kunne få innsyn i dei etter reglane i offentleglova.*







Tilbygg




Tilbygg

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Prosjekt: Tilbygg<br>Fosseknuten gjeterhytte | Dato:<br>18.06.2024 | Tegning: Geir Birkeland<br>Tlf: 901 82 676 | Målestokk:<br>1:50 | Tegningen er til bruk for:<br>Jæren Smalalag<br>v/Livar Ravndal<br>Nevlandsheia 179<br>4334 Ålgård<br>livar.ravndal@gmail.com<br>Tlf. 917 95 433 |
| Gnr: B.nr: | Jæren Smalalag<br>Nævlandsheia 179<br>4334 Ålgård | | | |
| ALLE MÅL MÅ KONTROLERES PÅ BYGGEPLASSEN | | | | |
| Dimensjoneringer og beregninger utføres i.f. tegninger fra godkjent konsulent. | Geir Birkeland<br>Tunheimsvegen 11<br>4342 Undheim | Tlf. 901 82 676<br>Mail: geirbirk@online.no | | |
| Denne tegning tilhører Geir Birkeland og er beskyttet av åndsverkloven. Kopiering og annen bruk er forbudt uten samtykke. Misbruk kan medføre erstaningsansvar. | | | | |







| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Prosjekt: Tilbygg<br>Fosseknuten gjeterhytte | Dato:<br>18.06.2024 | Tegning: Geir Birkeland<br>Tlf: 901 82 676 | Målestokk:<br>1:50 | Tegningen er til bruk for:<br>Jæren Smalalag<br>v/Livar Ravndal<br>Nevlandsheia 179<br>4334 Ålgård<br>livar.ravndal@gmail.com<br>Tlf. 917 95 433 |
| Gnr: B.nr: | Jæren Smalalag<br>Nævlandsheia 179<br>4334 Ålgård | | | |
| ALLE MÅL MÅ KONTROLERES PÅ BYGGEPLASSEN | | | | |
| Dimensjoneringer og beregninger utføres i.f. tegninger fra godkjent konsulent. | Geir Birkeland<br>Tunheimsvegen 11<br>4342 Undheim | Tlf. 901 82 676<br>Mail: geirbirk@online.no | | |
| Denne tegning tilhører Geir Birkeland og er beskyttet av åndsverkloven. Kopiering og annen bruk er forbudt uten samtykke. Misbruk kan medføre erstaningsansvar. | | | | |




Prosjekt: Tilbygg
Fosseknuten gjeterhytte

Gnr: B.nr:

ALLE MÅL MÅ KONTROLERES PÅ BYGGEPLASSEN

Dimensjoneringer og beregninger utføres i.f. tegninger fra godkjent konsulent.

Denne tegning tilhører Geir Birkeland og er beskyttet av åndsverkloven. Kopiering og annen bruk er forbudt uten samtykke. Misbruk kan medføre erstaningsansvar.

Dato: 18.06.2024

Tegning: Geir Birkeland
Tlf: 901 82 676

Målestokk: 1:30

Jæren Smalalag
Nævlandsheia 179
4334 Ålgård

Tegningen er til bruk for:
Jæren Smalalag
v/Livar Ravndal
Nevlandsheia 179
4334 Ålgård
livar.ravndal@gmail.com
Tlf. 917 95 433

Geir Birkeland
Tunheimsvegen 11
4342 Undheim
Tlf. 901 82 676
Mail: geirbirk@online.no

Verneområdestyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

# Saksframlegg

U.off: offl. § 24

**Arkivsaksnummer:** 2024/6075 **Saksbehandlar:** Jørn Trygve Haug **Dato:** 13.06.2024

| Utval | Utvalsak | Møtedato |
|---|---|---|
| AU i verneområdestyret for SVR | 27/24 | 21.06.2024 |

# Søknad om dispensasjon frå ferdselsforbod. Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde. Bykle kommune.

Vedlegg:

1 Søknad til SVR om adgang til Gyvatn

[redacted]

## Forvaltar si innstilling

Med heimel i *Forskrift om vern av Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde* kap. 4 pkt. 2.1 gir arbeidsutvalet i verneområdestyret avslag på [redacted] sin søknad om dispensasjon frå ferdselsforbodet i biotopverneområde sone A ved Vestre Gyvatn i Bykle kommune.

Arbeidsutvalet legg vekt på at søknaden gjeld omfattande aktivitet over fleire dagar i eit område av kritisk viktigheit for villreinen, og der det i lang tid har vore arbeide med å redusere ferdsla. Aktiviteten vil vera forbigåande og avgrensa til tre dagar. Det inneber likevel ei tilleggsbelastning i eit trekkområde som frå før er sterkt påverka av inngrep og forstyrring frå ferdsel.

--- slutt på innstilling ---

## Saksopplysninger

[redacted]

[redacted]

*Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

*Heimelsgrunnlag*
*Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde* vart verna i 2000. Føremålet med vernet er etter kap. 3 i verneforskrifta å sikre eit særs viktig heilårs leveområde med trekkvegar og kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei. Søknaden gjeld ferdsel i sone A der det jamfør verneforskrifta kap. 4 pkt. 2.1 er forbode med all ferdsel heile året. Etter kap. 4 pkt. 2.2 er det gjort unntak for ferdsel som følgjer veg og merka løype, ferdsel som er naudsynt for sanking og tilsyn av sau, samt førebygging og utbetring av skade på kraftanlegg. Etter kap. 4 pkt. 2.4 kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå ferdselsforbodet om det ikkje strir mot verneføremålet.

Kartet nedanfor syner avgrensing av restriksjonsområdet. Veg og merka løype ligg heilt til venstre i kartet. Blå line er merka vinterløype og svak raud farg er merka sommarløype.




*Tidlegare praksis*
Ved nokre få høve er det gjeve dispensasjon frå ferdselsforbodet i Steinsbuskardet sone A. I 2019 fekk Bratteland og Dysje jaktlag dispensasjon til jakt i austre del av sone A ned mot Botsvatn i Bykle. Løyvet gjaldt for inntil sju personar og for jakt på elg og hjort i perioden 25.9 – 15-10. Det gjaldt og for inntil fire landingar med helikopter til frakt av slakt. Løyvet vart fornya i 2023 til å gjelde ut sesongen 2026.

I 2023 fekk Å Energi Vannkraft løyve til landing med helikopter og naudsynt ferdsel i samband med vedlikehaldsarbeid på båtopptrekka vest i Botsvatn samt fjerning av nedfallen bru Brattelielvi.

Begge desse dispensasjonane gjeld for områda ned mot Botsvatn, og ikkje for områda inn mot dei to attvarande trekkorridorane ved Gyvassfjellet og sjølve Steinsbuskardet.

## Vurdering

<u>Vurdering etter naturmangfaldlova (NML)</u>
Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldslova leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

NML § 8 Kunnskapsgrunnlaget
Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. Ein har også nytta arbeidet knytt til delnorm 3 i samband med klassifisering av dei nasjonale villreinområda etter kvalitetsnorm for villrein (Delnormtresetesdalryfylke | Villrein).

Setesdal Ryfylke villreinområde er i praksis delt i eit nordområde og eit sørområde langs aksen Botsvatn – Storevassdammen i Bykle. Einaste attverande trekkorridor nord/sør er i Steinsbuskardet og over Gyvassfjellet i vestre del av sone A i Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde. Områda ved Gyvatn er også svært viktig for villreintrekk vestover inn i Hjelmeland. Kartet nedanfor syner trekkorridorane slik dei ligg i naturbase.

I arbeidet med delnorm 3 vart trekkorridoren i Steinsbuskardet vurdert å ha over 90 % reduksjon i bruk. Den avgrensa bruken må sjåast i ljos av at området i utgangspunktet er trongt samstundes som dyra må dele plass med infrastruktur i form av Storevassdammen, veg, straumliner, turistløyper og Storsteinen turisthytte. I tillegg kjem sjølvsagt ferdsla i området, hovudsakeleg på turistløypenettet, i samband med sauesanking og ved drift av kraftverksinstallasjonar. Sjølv om nivået på ferdsla er relativt avgrensa er likevel sumverknadane av forstyrring i området for stor til at villreinen vil ta seg igjennom området.

Rutene Storsteinen-Hovatn og Storsteinen-Kringlevatn er dei to merka stiane som går nærast Vestre Gyvatn. I 2022 hadde desse strekningane 150 og 289 passeringar gjennom heile barmarkssesongen. Dette utgjer i snitt 2 og 4 passeringar pr dag.

Ferdsla og aktiviteten det er søkt om er derfor omfattande samanlikna med den relativt låge ferdsla på dei merka stiane i område

Det går føre seg eit arbeid med flytting av Storsteinen turisthytte med tilhøyrande løypenett for å betre villreinens trekkmoglegheiter i området. Frå tidlegare er det innført restriksjonar på bruken av Blåsjøvegen for å avgrense ferdsla ned mot Steinsbuskardet. Statskog har frå 2023 innført jaktfredningssone på rein og småvilt i området nettopp for å redusere ferdsla, sjå kart nedanfor. Førebels som eit prøveprosjekt for å hauste erfaring.

*Trekkorridorar henta frå naturbase..*



*Jaktfredningssone Statskog. Område er merka grønt. Kjelde: Statskog.*




Område kring Steinsbuskardet vert i hovudsak nytta av villreinen gjennom barmarksesongen. Kartet nedanfor syner GPS-data frå august månad i åra 2006 – 2024.




Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert likevel tillagt vekt i dei vidare vurderingane.

NML § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning
Den samla belastninga er langt på veg omtala ovanfor. Setesdal Ryfylke villreinområde er av dei nasjonale villreinområda som er klart mest påverka av kraftutbygging. Svartevassmagasinet saman med Blåsjø utgjer samla ei om lag 35 kilometer samanhengande stengsel for villreinen til å trekke aust/vest i heiområdet. Einaste attverande trekkområde er i nemnde Steinsbuskardet, samd i noko omfang utløpet av Ytre Storevatn den tida Svartevasmagasinet er tappa ned. Mykje tydar også på at utbygginga av Store Urevatn med tilhøyrande ferdsel på anleggsvegen har verka negativt inn på villreinens moglegheit til å kome i posisjon for trekk gjennom Steinsbuskardet. Som ei prøveordning frå 2023 er det innført strenge restriksjonar på bruken av vegen.

NML § 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og NML § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar
Søknaden er ikkje vurdert etter desse paragrafane då det er innstil på avslag i saka.

*Samla vurdering*

Forvaltar har innstilla på å avslå søknaden. Det er søkt om relativt omfattande aktivitet over fleire dagar i eit område av kritisk viktigheit for villreinen og der det i lang tid har vore arbeide med å redusere ferdsla. Det er tidlegare gjeve dispensasjon frå ferdselsforbodet i Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde, men dette gjeldande i austre del av sone A der totalbelastninga er mykje lågare og der området ikkje har same sentrale funksjon i høve til trekkaktivitet.

[redacted]

## Konklusjon

Søknaden vert avslått. Saka gjeld omfattande aktivitet over fleire dagar i eit område av kritisk viktigheit for villreinen og der det i lang tid har vore arbeide med å redusere ferdsla.

Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

# Saksframlegg

**Arkivsaksnummer:** 2024/5972 **Saksbehandlar:** Jørn Trygve Haug **Dato:** 14.06.2024

| Utval | Utvalsak | Møtedato |
|---|---|---|
| AU i verneområdestyret for SVR | 28/24 | 21.06.2024 |

# Varsel om retting og søknad om dispensasjon til ombygging av fritidshytte i Grytdalen hytteområde i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 2/56, Sirdal kommune - Flyt Arkitektur AS

Vedlegg:

1. Grytdalen 38 - Søknad om renovering av hytte
2. Grytdalen 38 - Plan og Snitt
3. Grytdalen 38 - Fasader
4. Justerte retningsliner for byggetiltak i Grytdalen hytteområde

## Forvaltar si innstilling

Flyt Arkitektur får på vegne av eigarane dispensasjon til ombygging av ei fritidshytte i Grytdalen (Grytdalen 38) i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Dispensasjonen gjeld ombygging innanfor eit areal på 75 m$^2$ (BYA), som er arealgrensa i den opphavlege dispensasjonen gitt av Sirdal kommune 09.03.2006.

Dispensasjonen omfattar:

- Heving av taket på hytta til ei mønehøgde på inntil 5.5 m og ei gesimshøgde på inntil 4.5 m, begge målt frå gjennomsnittleg bakkenivå
- Vending av retning saltaket på eksisterande tilbygg med 90 grader
- Fasadeendring i form av nye vindauge, utvendige dører og to trapper
- Bygging av platting på bakkenivå inntil eit samla areal for tomta på 20 m2

Vedtaket er fatta etter kapittel IV, punkt 1.3, bokstav c i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Vedtaket er grunngjeve med at, sjølv etter ombygginga, vil arealet og høgda på hytta, samt arealet på plattingen, framleis halde seg innanfor dei særskilde retningslinjene for Grytdalen hytteområde. Ei

auke av takhøgda for hovudhytta på 1.2 m og 90 cm på tilbygget, vil forsterke den negative innverknaden hytta har på landskapet. Denne negative innverknaden er likevel er avgrensa. Heller ikkje den ombygde hytta vil være særleg dominerande i landskapet og landskapsverknaden av kvar einskilt hytte blir redusert i eit hyttefelt med 50 hytter frå før.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Hytta skal ha mørke duse farger som bryter minst mulig med naturpreget i området. Alle utvendige bygningsdeler inklusive vindskeier, vindusinnramminger og hjørnebord skal ha samme mørkhetsgrad. Det er ikke tillatt med lyse eller sterke farger som gir store kontraster til omgivelsene. Taktekking skal utføres med tekkingsmaterialer som har en matt og mørk virkning
- Største avstand mellom terreng og underkant hytte skal ikkje overstige 70 cm, pilarane skal forblendast med naturstein opp til kledning
- For å redusere kollisjonfare for fugl må det gjennomførast avbøtande tiltak i form av «birdpen» eller «birdsticker» eller tilsvarande på alle vindusflater større enn 1 $m^2$
- Ubebygde deler av tomta skal bevares uten terrenginngrep. Busker, større trær og steiner må ikke fjernes. Det kan søkes om å legge vannledning fra vannkjelde maks. 150 meter fra fritidsbolig. Vannledning skal graves ned for hånd. Størst tillatte diameter på vannledning er 32. mm. For god samording og for å avgrense lengda på ledingsnett er det krav om felles plan for framføring av vatn til fritidsboligene. Søker har selv ansvaret for å hente inn nødvendige tillatelser fra Sirdal kommune
- Alt avfall frå bygging må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar
- Det må søkast om eigen dispensasjon til motorferdsel i samband med tiltaket
- Dispensasjonen gjeld fram til 21.06.2027

Vi vil gjere merksam på at det kan være nødvendig med dispensasjon frå kommunen og samtykke frå grunneigar, samt at byggetiltaket vil bli kontrollert etter ferdigstilling.

## Varsel om retting og avbøtande tiltak etter naturmangfaldlova §69

Vi vil og gjere merksam at eksisterande hytte har eit areal på 85.6 $m^2$ (BYA), noko som er 10.6 $m^2$ større enn dei 75 $m^2$ som Sirdal kommune gav dispensasjon til i 2006. Dette ekstra arealet består i hovudsak av eit takoverbygg på hovudhytta. Etter vår vurdering er dette takoverbygget bygd utan løyve frå verneføreskrifta. Det kan derfor vere aktuelt for verneområdestyret å krevje retting og avbøtande tiltak etter § 69 i naturmangfaldlova. I AU sin dispensasjon til ombygging er dette takoverbygget tatt bort.

Dette varselet vert sendt med heimel i forvaltningslova § 16. Jamfør denne paragrafen skal ein part varslast skrifteleg før det blir fatta vedtak og med moglegheit til å gi uttale. Frist for uttale blir sett til 01.10.2024.

--- slutt på innstilling ---

## Saksopplysninger

Bakgrunn for søknad

Viser til søknad frå 30.05.2024, ettersendt tilleggsdokumentasjon 12.06.2024, samt telefonsamtale med søkar.

Flyt Arkitektur AS søker på vegne av eigarane om dispensasjon til å få bygge om ei fritidshytte i Grytdalen hytteområde i Sirdal kommune. Hytta er lokalisert 37 m vest for Sira om lag 900 m nordaust for Lysevegen.

Kart som viser plassering av hytta




Eksisterande hytte vart bygd i 1974 og fekk eit tilbygg i 2006. Hytta har i dag eit areal på 85,6 $m^2$ (BYA), inkludert to takoverbygg på til saman 13.5 $m^2$ (BYA). Søkar opplyser at hytta er gamal og at det er behov for å renovere hytta. Eigar ønskjer og å heve taket på hytta for å få ein meir funksjonell hems. Søkar opplyser og at det er mogleg å ta bort takoverbygget til opphavleg hytte slik at ny total BYA blir på 75 $m^2$.

Foto av eksisterande hytte





Ombygginga omfattar inga auke av det bebygde arealet (BYA) på hytta, men ei auke av mønehøgde og gesimshøgde, vending av møneretning på tilbygget, nye vindauge og ytterdører, to nye trapper og to plattingar med eit samla areal på 20 m2.

Målsett situasjonsplan for ny hytte




Det blir søkt om ei omfattande fasadeendring. I hovudetasjen søkast det om to nye ytterdører, to trapper, samt tre nye vindauge i tillegg til at eksisterande vindauge blir til dels betydeleg større. Hevinga av taket gjer og plass til tre store nye vindauge. Den eksisterande hytta har ca 5,8 m² vindusareal. Ombygt hytte med en ny hems har til saman 29,8 m² vindusareal. Denne auka i vindusareal auka kollisjonsfaren for fugl betydeleg.

Ny og eksisterande fasade




1:100 Fasade Sørvest

BYA:

| | | |
|---|---|---|
| Sum BYA Eks hytte | | 72,1 m² |
| Sum BYA Eks takutstikk opprinnelig hytte | | 10,6 m² |
| Sum BYA Eks takutstikk tidligere tilbygg | | 2,9 m² |
| Sum BYA Ny ombygget hytte | | 0,0 m² |
| **TOTAL (Eksisterende) BYA** | = | **85,6 m²** |



EKSISTERENDE FORHOLD

EKSISTERENDE PLANERT TERRENG

NYTT




1:100 Fasade Nordvest




1:100 Fasade Nordøst

| Arealberegninger i hht. NS 3940 | | Bruksareal BRA i m² Pr.Etasje | Sum BRA |
|---|---|---|---|
| Sum Ny hems | | 0,0 m² | 0,0 m² |
| Sum 1.etg.plan: Eks innvendig hytte | | 65,4 m² | 65,4 m² |
| Eks takutstikk opprinnelig hytte | | 10,1 m² | 10,1 m² |
| Eks takutstikk tidligere tilbygg | | 3,1 m² | 3,1 m² |
| **TOTAL (Eksisterende) BRA** | = | **78,6 m²** | **78,6 m²** |




1:100 Fasade Sørøst

Den mest omfattande endringa det er søkt om er hevinga av taket på hytta. Eksisterande hovudhytte har ei mønehøgde på 4.3 m, og det søkast nå om ei heving med 1.2 m til 5.5 m. Eksisterande hovudhytte har ein gesimshøgde på 2.6 m, og det søkast nå om ei heving med 0.9 m til 3.5 m. I tillegg søkast det om å snu retninga på møne til tilbygget med 90 grader slik at det blir ståande vinkelrett på mønet til hovudhytta. Mønehøgda på tilbygget vil auke med 0.7 m frå 3.9 m til 4.6, mens geshimshøgda vil auke med 0.7 m frå 2.8 m til 3.5 m.

Plan og snitt teikning for ny og eksisterande hytte




## *Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015
- Retningslinjer for Grytdalen hytteområde, frå 2006 med justeringar frå 2019
- Naturmangfoldlova

## *Heimelsgrunnlag*

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Formålet med vernet går frem av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

"1. Å ta vare på et samanhengande, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.

2. Å ta vare på et samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstammen i Europa. "

Verneforskriftas kapittel IV punkt 1.1 forbyr inngrep som "*vesentleg kan endre landskapets art eller karakter".* Forskriftenes opplisting under punkt 1.1 setter et generelt forbod mot nye bygningar. Punkt 1.3 bokstav c i samme kapittel gir forvaltningsstyremakta heimel til å gi løyve til mindre tilbygg til eksisterande bygningar dersom det ikkje strid med verneformålet.

Private fritidshytter i verneområda er omtala i Forvaltningsplan for SVR i kapittel 23 på side 29. Her går det fram at slike hytter kan «restaurerast/ombyggast innanfor same areal», samt at det gjeld eigne retningslinjer for Grytdalen hytteområde.

Retningslinjene for Grytdalen hytteområde vart utarbeidd av Sirdal kommune i 2006, og godkjent av verneområdestyret for SVR i styresak 15/06. I styresak 22/19 vart det gjort mindre justeringar av punkt 1 og punkt 10 i retningslinjene. I desse retningslinjene går det fram av punkt 2 at maksimal storleik på hyttene er sett til 75 $m^2$ (BYA), mens det av punkt 6 går fram at det for nybygg blir sett ei høgde på møne til maksimalt 5.5 m og ei gesimshøgde til maksimalt 4.5 m. I punkt 5 går det fram at terrassearealet avgrensast til 20 $m^2$.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Setesdal Vesthei–Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

## Vurdering

*Naturmangfaldlova*

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

*Innverknad på verneverdiar og verneføremål*

Fritidshytta ligg om lag 690 moh, 37 m vest for Sira i eit halvope heilandskap like ved tregrensa. Vegetasjonen i område er dominert av lite næringskrevjande gras- og lyngartar.

Denne delen av SVR blir lite brukt av villreinen, og den låge bruken har vore mønsteret dei siste 30 åra.

Dette blir og stadfesta av resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nytta sørområdet har vore i område ved Grytdalen den tida dei hadde sendar (2006-2010). Heller ikkje nyare GPS data frå www.dyreposisjoner.no (2011-2024) har registrert plott frå området. Ein mogleg årsak til dette er at område tradisjonelt vore eit vinterbeiteområde for bukk, og at GPS registreringane omfattar relativt bukkar frå sørområde. Ein anna mogleg årsak til den manglande bruken er den låge totalbestanden i denne perioden. Tidlegare trakk bukkane inn i område ved juletider og heldt seg i område vest for Grytdalen fram mot brunsten på hausten. I år med nedising av beita i høgheia kunne bruken av område være meir omfattande. I periodar med stor villreinbestand kunne og fostringsflokkar bruke område. Dette skjedd sist på 1980 og 1990-talet da det og vart registrert kalving om lag 9 km sørvest for Grytdalen. Våren 2020 vart det observert spor etter mindre villreinflokkar i område ved Simleknuten og Venekvæv. SVR kjenner ikkje til at det er registrert nye observasjonar nær Grytdalen i perioden 2021-2024.

I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert ein trekkveg ved Andersvatnet om lag 5 km vest for Grytdalen. I verneføreskrifta er område ved Andersvatnet registrert som eit trekkområde med ferdselsrestriksjonar. Villrein har i norsk raudliste for artar for 2021, fått status som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no), samt Viltkart for Sirdal. Det er registrert fleire sårbare rovfugllokaliteter med raudlistestatus i område rundt Grytdalen. Avstanden til reirlokalitetane blir vurdert som stor nok til at byggetiltaket kan skje utan negativ innverknad på desse. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert anna informasjon om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk raudliste for arter 2021 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Det er ikkje registrert kulturminne i område som vil bli påverka av byggetiltaket.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere byggetiltaket si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er om lag 50 fritidshytter i Grytdalen hytteområde, noko som sett sitt tydelege preg på landskapet. Desse hyttene genererer og mykje motorferdsel og ferdsel til fots gjennom heile året. Lysevegen går og gjennom område og har ein døgntrafikk på om lag 250 køyretøy når den er open frå om lag 15 mai til 1 november. Den samla belastninga på økosystemet i området må derfor karraktriserast som høg.

Når ei hytte på 75 m$^2$ blir ein meter høgare vil hytta sin innverknad på landskapet bli noko større. Det same gjeld for den nye fasaden med fleire store vindauge. Samstundes må ein ta med i vurderinga at hytta ligg i eit hyttefelt med fleire andre hytter med tilsvarande storleik og høgde. Den store auken i vindusareal vil og auke kollisjonsfaren for fugl. Kunnskapen om kollisjonfaren og effekten av avbøtande tiltak er framleis noko mangelfull, men likevel omfattande nok til at det kan settast vilkår om enkle avbøtande tiltak. Motorferdsla som er nødvendig for gjennomføring av byggetiltaket vil truleg krevje bruk av helikopter i to dagar. Desse dagane vil det lokalt bli omfattande forstyrringar av viltet og andre brukarar av område.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering vil byggetiltaka det er søkt om, samt tilhøyrande motorferdsel, ha eit såpass avgrensa omfang at dei berre i liten grad føre til større belastning på økosystemet i område. Landskapsverknaden av bygget vil bli noko større, men ombygginga det er søkt om likevel være innafor gjeldande retningslinjer for hytteområde.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Tiltaket det er søkt om ligg innanfor rammene for tillatt storleik og høgde på bygg i Grytdalen hytteområde

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

*Konklusjon*

Ombygginga av hytta vil auke hytta sin innverknad på verneverdiane knytt til landskapet, men ikkje i ein slik grad at verneverdiane blir nemneverdig forringa eller at den kjem i konflikt med verneføremålet for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Det kan derfor gjevast dispensasjon med vilkår om god landskapstilpassing og avbøtande tiltak for kollisjon med fugl.

Fra: Gro Tansø[post@flytarkitektur.no]
Sendt: 30.05.2024 11:53:23
Til: Postmottak SFAG[sfagpost@statsforvalteren.no]
Kopi: ingerjohanne waage[ingerjohanne@yahoo.com];TORKEL ANDA[torkello@yahoo.com];Marit Røe[marit.roe@sirdal.kommune.no];
Tittel: Søknad om dispensasjon fra verneforskriftene

---

**Søknad om dispensasjon fra verneforskriftene**

**Gnr 2 Bnr 56, Grytdalen 38, Sirdal kommune**

Opprinnelig lafteverk-hytte med saltak ble oppført i 1974 og i 2005 ble det bygget et tilbygg. Det er behov for å renovere hytta.

Eierne vil derfor bygge om den eksisterende hytta ved å rive taket og bygge en ny hems over den opprinnelige hytta.

Et nytt saltak og et nytt takopplett plasseres over den nye hemsen. Det nye saltaket vil fortsatt krage utover mot sørvest, som

til det eksisterende saltaket. En ny trapp i fra det store oppholdsrommet går ned til en ny platting som er på 13 m².

Over det tidligere tilbygget ønskes et nytt saltak som er vridd 90 grader i forhold til det eksisterende. En ny trapp er plassert

langsetter med hovedinngangen og går ned til en ny platting på 7 m².

Ytterveggene vil bli etterisolert utvendig. Fasadene vil bli endret til å ha mer moderne vinduer og dører.

Med dette vil ikke det eksisterende bebygde arealet eller bruksarealet til hytta bli endret, men det er mulig å ta vekk takutstikk til

opprinnelig hytte, slik at ny total BYA blir på 75 m² og ny total BRA blir på 68,5 m².

I dette området er det i dag tillatt inntil T-BRA og BYA på 75 m². Maks mønehøyde er 5,5 m og maks gesimshøyde er 4,5 m,

som måles ut i fra gjennomsnitt planert terreng. Terrasse er kun tillatt på bakkeplan og på maks 20 m².

Denne eiendommen er plassert i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsverneområde med dyrelivsfredning* og det er

derfor nødvendig å søke om dispensasjon i fra verneforskriftene.

Vedlagt byggesøknadstegninger for ønsket tiltak.

Hilsen
**Gro Tansø**

*Sivilarkitekt MNAL*

**FLYT** ARKITEKTUR **AS**
www.flytarkitektur.no
Tlf: 97 15 37 03
Langgata 19, 3.etg, 4306 Sandnes




1:100 1. Etasje




1:100 Hems




1:100 Snitt A

EKSISTERENDE FORHOLD

EKSISTERENDE PLANERT TERRENG

NYTT

NY PLATTING

UTFØRENDE BYGNINGSARBEID TILPASSES PÅ STED.

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Prosjekt: **GRYTDALEN 38, 4443 TJØRHOM** | Tegning: **Plan og Snitt** | Fase: **SKISSEPROSJEKT** | Målestokk: 1:100 | Tegningsnr.: A20-01 | Dato: 29.05.24 |

FLYT ARKITEKTUR AS

© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke

Tiltakshaver:
Inger Johanne Waage Anda
Myrveien 19, 4326 Sandnes
Mob: 988 20 732
ingerjohanne@yahoo.com

Prosjekterende:
FLYT Arkitektur AS v/ GroTansø
Langgt. 19, 3.etg., 4306 Sandnes
Tlf: 971 53 703
post@flytarkitektur.no




1:100 Fasade Sørvest

| BYA: | |
|---|---|
| Sum BYA Eks hytte | 72,1 m² |
| Sum BYA Eks takutstikk opprinnelig hytte | 10,6 m² |
| Sum BYA Eks takutstikk tidligere tilbygg | 2,9 m² |
| Sum BYA Ny ombygget hytte | 0,0 m² |
| **TOTAL (Eksisterende) BYA** | **= 85,6 m²** |

EKSISTERENDE FORHOLD

EKSISTERENDE PLANERT TERRENG

NYTT




1:100 Fasade Nordvest




1:100 Fasade Nordøst

| Arealberegninger i hht. NS 3940 | Bruksareal BRA i m² Pr.Etasje | Sum BRA |
|---|---|---|
| Sum Ny hems | 0,0 m² | 0,0 m² |
| Sum 1.etg.plan: Eks innvendig hytte | 65,4 m² | 65,4 m² |
| Eks takutstikk opprinnelig hytte | 10,1 m² | 10,1 m² |
| Eks takutstikk tidligere tilbygg | 3,1 m² | 3,1 m² |
| **TOTAL (Eksisterende) BRA** | **= 78,6 m²** | **78,6 m²** |




1:100 Fasade Sørøst

UTFØRENDE BYGNINGSARBEID TILPASSES PÅ STED.

Prosjekt:
**GRYTDALEN 38, 4443 TJØRHOM**

Tegning:
**Fasader**

Fase: **SKISSEPROSJEKT**

Målestokk: 1:100

Tegningsnr.: A40-01

Dato: 29.05.24

**FLYT ARKITEKTUR AS**

© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke

Tiltakshaver:
Inger Johanne Waage Anda
Myrveien 19, 4326 Sandnes
Mob: 988 20 732
ingerjohanne@yahoo.com

Prosjekterende:
FLYT Arkitektur AS v/ GroTansø
Langgt. 19, 3.etg., 4306 Sandnes
Tlf: 971 53 703
post@flytarkitektur.no

## Justerte retningsliner for byggetiltak i Grytdalen hytteområde

Retningslinjene for Grytdalen hytteområde vart utarbeidd av Sirdal kommune i 2006, og godkjent av verneområdestyret for SVR i styresak 15/06. I styresak 22/19 vart det gjort mindre justeringar av punkt 1 og punkt 10 i retningslinjene.

1) Forvaltningsplanen åpner for realitetsbehandling og realisering av resterende utbygning i Grytdalen som dispensasjonssaker, jfr. punkt 5.3.3. På vernetidspunktet var det ni tomter som var fradelt, og hvor formålet var å bygge fritidsbolig på tomten.

2) Forvaltningsplanen åpner også opp for utvidelse av eksisterende bebyggelse, jfr. punkt 5.3.1. Fremtidige utvidelse i Grytdalen må imidlertid ikke endre landskapets art og karakter vesentlig fra det som i dag fremstår som et småskala terrengtilpasset hyttefelt, jfr. punkt 5.3.3. Den totale bygningsmassen på den enkelte eiendom i Grytdalen varierer. Gjennomsnittsareal for hytter inkludert tilleggsbygninger er omtrent 75 kvadratmeter bebygd areal (BYA). Med tilleggsbygning menes uthus, redskapsbod, vedskjul, anneks og lekehytte eller andre frittstående bygg. Tilleggsbygningen skal ikke ligge lenger fra hovedbygningen enn 4 meter

3) For å sikre at fremtidige utvidelser ikke kommer i strid med forskriftens formål og forvaltningsplanens retningslinjer for byggetiltak i Grytdalen,
settes øverste samlede T-BRA/ BYA til 75 kvadratmeter. Kommunen kan i den enkelte sak vurdere om uthus og lignende bør ordnes i flere mindre enheter eller bygges inntil eksisterende bygning.

4) Det gis ikke tillatelse til oppgradering av uthus til fritidsbolig (bygging av eldsted). Det er kun tillatt med kjøkken i hovedbygningen på tomten

5) Terrasseareal begrenses oppad til 20 kvadratmeter. Terrassen skal legges mest mulig ned på bakken, slik at arealet ikke regnes med til BYA. Det er ikke tillatt med rekkverk. Plassering av terrassen skal godkjennes av kommunen.

6) Ved nybygg settes maksimal mønehøyde til 5,5 meter. Mønehøyden måles fra gjennomsnittelig terreng. Gesimshøyden settes til 4,5 meter. Gesimshøyden måles fra gjennomsnittelig terreng. Utvidelse av eksisterende bebyggelse skal holdes innenfor eksisterende mønehøyde/gesimshøyde. Møneretningen på bygningen skal følge terrenget

7) Ved utvidelser eller nybygg skal høgste punkt mellom terreng og underkant hytte ikke overstige 70 cm. Det skal kles mellom pilarene.

8) Det tillates ikke oppsatt gjerde rundt hyttene. Utenomhusanlegg som flaggstenger, vindmøller, større antenneanlegg og lignende er ikke tillatt.

9) Bebyggelsen skal ha mørke duse farger som bryter minst mulig med naturpreget i området. Alle utvendige bygningsdeler inklusive vindskeier, vindusinnramminger og hjørnebord skal ha samme mørkhetsgrad. Det er ikke tillatt med lyse eller sterke farger

som gir store kontraster til omgivelsene. Taktekking skal utføres med tekkingsmaterialer som har en matt og mørk virkning.

10) Ubebygde deler av tomten skal bevares uten inngrep i terrenget. Busker, trær og større steiner må ikke fjernes. Det er heller ikke tillatt med andre terrenginngrep for fremføring av kabler/ vann- og avløpsledninger og lignende.

11) For nye bygg fastsettes krav om detaljplan som del av søknadsgrunnlaget. Planen skal være målsatt og vise planlagt plassering, utforming, atkomststi og inngreps grense i forholdt til planlagt bygg/ bevaring av uberørt terreng mv.

**AU 29/24 Eventuelt**